



Røysterett for Alle på Singers Corner i Skålagato. Musikalsk leiar i dag var Ingvill Toskedal.

**Hordaland Korforbund la vårens kortreff til Rosendal med Singers Corner, profan konsert og kyrkjekonsert. Røysterett for Alle med sin vikardirigent Ingvill Toskedal var med både med gatesong og i Kvinnherad kyrkje. Med kor på ei side av Sålago, publikum på den andre sida og gjennomgåande trafikk med sterk og mindre sterk støy, ja, så vart den musikalske opplevinga redusert. Trass dette, kora synte songglede og gjennomførte oppsett program.**

Eit kortreff er ei forenkla form for songarstemne, oftast ei dagssamling der målet er å møte andre kor, få motivasjon til å halda songarven i hevd. Hordaland Korbund er tilskipar og heile 10 kor frå ulike deler av fylket var påmeld. Konsertane samlar som oftast ei lite publikum. Det vert helst at kora syng for kvarandre, noko som er viktig for å halda oppe inspirasjonen og høyra korleis andre kor tolkar og framfører sine songar.

I Skålagato var det mannskora som klarte seg best med sine uttrykksfulle og høgtidsstemte songar, alt frå Bjørnson Olav Trygvason til Bellmann Kåraste brøder. Etter Singers Corner var det kjapp forflytning til samfunnshuset der heile ni kor deltok med tre songar kvar.

Røysterett for Alle var fyrste kor ut på kyrkjekonserten. Uskedalen.no hadde ikkje høve til å vera der, men vi kjenner programmet. Koret er kjend for sine bruremarsjar, denne gongen var det Brurmarsj frå vidda av Maria Malmsten. Våren vart markert med Løvland : Danse mot vår og Hyldbakk/ Sommero Vårsøg. Røysterett for alle avslutta med den tradisjonelle svenske korsongen Sommarpsalm av Waldemar Ahlen med tekst av D.C. af Wirsén.

Kortreffet vert avslutta i kveld med middag på Fjordhotellet der det sjølvstøtt vert mykje song og høg feststemning.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal